

## VILLREINFJELLET SOM VERDISKAPER

- Referat frå møte i arbeidsgruppe 1 *Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell til barn og unge*. Rysstad 21.10.2019, kl. 10.00 – 14.30

Til stade: Inge Olav Fjalestad, Kristein Eiken Olsen, Jan Rob, Tuva Flor Lien og Jørn Haug.

### Sak 1. Gjennomgang/evaluering av arrangementa i 2019

Hovudpunkt feltdagar og klassetimar:

- To dagars opplegg med overnatting er særers ressurskrevjande og krev mykje førebuing, særleg når det vert store grupper (fleire klassar).
- Vellukka dagsopplegg og to-dagars opplegg er særers veravhengig. Kan vera ei utfordring når ein skal høgt til fjells og der ein ikkje har moglegheit til å gå innomhus.
- Må vera realistiske i høve til kor mykje program ein rekk på ein dag. Tar tid å samle troppane og sette dei i gang.
- For dagsopplegg må ein ta sikte på å nytte meir tid enn ein vanleg skuledag.
- Bør halde fram med å reise til fjells men kan godt nytte fjellområda som ligg nærmast
- Besøk i klassane før arrangmeneta er viktig for motivasjon og informasjon både til elevar og lærarar.
- Ansvarleg for opplegget må ha beskjed på førehand om særskilde behov hjå elevane
- Enormt sprik hjå eleven i høve til kunnskap og motivasjon. Må ta høgde for dette i gjennomføringa.

Hovudpunkt opplæringsjakt:

- Vellukka opplegg i haust. Grunna få som melde seg på vart det berre gjennomført ei av helgene.
- Viktig med godt terreng med god sjanse for dyr. Kan vera vanskeleg å halde på motivasjonen elles.
- Må særge for at all påmelding skjer på ei mailadresse (Jørn)

### Sak 2. Deltaking frå turistforeininga

Turistforeiningane v/DNT sør er utfordra på nytt etter at Svein Hjort Olsen trakks eg frå arbeidsgruppa. Inga attendemelding så langt. Ballen ligg hjå dei.

### Sak 3. Tilbodet som skal sendast til til skulane seinare i haust, samt opplæringsjakt

- Tilbodet til skulene vert avgrensa til undervisning i klasserom (2 x 45 min) samt feltdag utan overnatting (alternativ 1 og 2). Jørn lagar utkast til brev som sendast arbeidsgruppa i første omgang. Feltdagen må gå utover vanleg skuletid.
- Etter attendemelding frå skulene må arbeidsgruppa fordele arrangementa seg i mellom.
- Tuva snekrar «idebank» om praktiske tips/øvinger for korleis ein kan nytte villrein og høgfjellsøkologi i undervisninga.

Spørsmålet om vi skal ha fleire klassetrinn som målgruppe vart drøfta. 6 klasse er ofte ei aldersgruppe som er motakeleg for mykje og som er enkle å engasjere. Semje om at vi tar dei med i tilbodet.

- For 2020 går tilbodet om opplæringsjakt ut til alle kommunene som er med i prosjektet. Jørn lagar utlysingstekst der vi har handlingsrom til ei fornuftig prioritering av deltakarar.

#### **Sak 4. Tiltak etter prosjektperioden, dvs etter 2020**

- For feltdagar og skuleopplegg må vi lage eit straumlina opplegg som kan gjennomførast av «alle» og med minimal planlegging (SVR, skulen sjølv, NJFF, friluftsråd mv).
- Knytte kontakt mot ildsjelar på den enkle skule.
- Utstyrskasse som kan plasserast ut i fleire kommunar.

Aktuelt å samrå seg med styringsgruppa om dette på møtet i Sirdal seinare i haust.

#### **Sak 5. Tidlegare idear som ikkje er følgd opp**

##### *Leirskulene i regionen*

Bør kunne ha ei sentral rolle i formidling av villrein og villreinfjell. Arbeidsgruppa tar i første omgang eit «motivasjonsmøte» med lærerne:

Knaben – opplegg med lærerne og arbeidsgruppa 9. januar på Knaben. Tuva og Jan snekrar opplegg. Dei som har lang reiseveg kan kome kvelden 8. januar.

Gullingen – Jørn kontaktar leiskulen. Tuva og Jørn reiser dit om det er interesse.

##### *Lærebok*

Ønskje om å få dette til, anten lærebok eller romanform men særers ressurskrevjande å sette i gang eit slikt arbeid. Aktuelt at vi støtter opp om det er nokre som har konkrete tankar om slikt. Tuva kan vera interessert men usikker på om ho har kapasitet i stillinga.

##### *Digital formidling*

Jørn refererte frå tidlegare mailutveksling med Marianne om dette, der villreinsentetert så for seg å lage ein plattform med 3 nivå. Naturleg at villreinsentetert har ei rolle i dette sidan dei sitt på mykje materiale og kunnskap ellereie.

Tuva følgjer opp dette. Aktuelt å nytte kortare filmsnuttar som ein del av formidlinga.

Jørn Haug, ref.